

Referat FAU Foldnes skule

Dato:	02.03.2026	Referent:	Hallvar
Sted:	Foldnes skule		
	Disse er innkalt:	Møtt	Forfall
1.	Hallvar(1A)	X	
2.	Casper(1B)		X
3.	Kjersti(2A)	X	
4.	Marianne (2B)		X
5.	Kristine (3A)	X	
6.	Tone Synnøve(3B)	X	
7.	Morten(4A)	X	
8.	Caroline(4B)	X	
9.	Nils(5A)		X
10.	Marianne(5B)		X
11.	Marie (6A)		X
12.	Laurice (6B)	X	
13.	Tony(7A)		X
14.	Kari (7B)	X	

Sak		Ansvarlig	Frist
1	<p>Bygging ny sykeheim-informasjon fra kommunen</p> <p>Tormod Hopland orienterte om planlegging og bygging av ny sjukeheim i Skipsdalen.</p> <p>Planområdet omfattar òg tilkomstvegen frå Foldnesvegen. Som ein del av prosjektet er det eit mål å betre og rydde opp i dagens trafikksituasjon i området, inkludert forholda som påverkar skulen.</p> <p>Prosjektet har estimert ferdigstilling rundt årsskiftet 2030/2031.</p> <p>FAU spelte inn følgjande behov som kommunen bør vurdere i vidare planarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tydelig separasjon mellom mjuke trafikantar og biltrafikk, særleg ved begge dagens av- og påstigningspunkt for skulen. • Tiltak som eliminerer behovet for å krysse trafikkert veg, til dømes 		

	<p>gangbruer eller undergangar/kulvertar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Auka parkeringskapasitet for skulen. • Forbetra løysing for “kiss and ride”. • Bete belysning og generelt oppjusterte lysforhold i området. • <p>FAU merka seg at planane framleis er på eit overordna nivå, og at det så langt er avgrensa moglegheit til å gi svært detaljerte innspel.</p>		
2	<p>Eventuelt</p> <p>17. mai-komiteén vil sende ut ei påminning gjennom FAU om innsamling av premiar til 17. mai-feiringa.</p> <p>Det kom vidare opp ei drøfting rundt initiativet om «skjermfri barndom». Det vart spelt inn at enkelte meiner FAU framstår som for tilbakehaldne dersom ein ikkje klarar å samle foreldre om felles føringar. Samstundes vart det understreka at det allereie finst ein foreldrekontrakt, og at FAU ikkje kan påleggje verken foreldre eller klassar bestemte ordningar. Midtun skule vart nemnd som eit døme på ein stad der ein har fått til ei løysing, men erfaringa er at slike tiltak må kome frå foreldregruppa sjølv.</p> <p>Det vart diskutert at FAU kan utarbeide eit skriv der ein uttrykker ønskje om at skulen skal vere mobilfri, men der det samtidig blir presisert at dette er eit initiativ som må eigast av foreldra. FAU kan også lage ei enkel rettleiing med tips og verktøy som kan hjelpe foreldre med å etablere felles praksis. I tillegg vart det foreslått at FAU bør vere til stades på foreldremøtet for foreldre til kommande 1. klassingar for å orientere om tanken bak ein smarttelefonfri skulekvardag. FAU anbefaler òg at tema som smarttelefonbruk og sosiale medium blir</p>		

	eit fast punkt på foreldremøta gjennom skuleåret.		
--	---	--	--

Neste møte	13.04.26
-------------------	----------